

MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 7 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Me tek gjerne mot innlegg utanfrå. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Dette månadsbrevet tek for seg blant anna ei samling om den europeiske avdelinga av småbrukarorganisasjonen La Via Campesina og den siste storrapporten frå FAO om verdas matsituasjon.

Månadsbrev har til no kome ut i vel eit år, berre med opphald midtsommars, og det er tid for å spørje lesarar korleis dei vurderer breva og om interessa er så stor at ordninga bør halde fram. Så send gjerne ein e-post om kva de meiner og kva me eventuelt kan gjere for å nå ut til fleire.

ECVC-SAMLING I ISTANBUL

«Vi gir planeten mat på en bærekraftig, respektfull og sunn måte gjennom matsuverenitet og småbønders agroøkologi»

La Via Campesina er en global bevegelse med 220 millioner småbønder, fiskere, landløse, jordbruksarbeidere, urfolk og sivile organisasjoner spredt over hele verden. NBS er medlem. I den europeiske delen av La Via Campesina, ECVC (European Coordination of Via Campesina), ble det i vårr holdt et seminar i Istanbul i Tyrkia.

La Via Campesina, som betyr ”bøndernes vei,” har skapt begrepet matsuverenitet. Matsuverenitet vil si at de som bor i et område, må ha suveren rett til å produsere tilstrekkelig, sunn og akseptert mat for befolkningen, uten at det blir hindret for eksempel av frihandelsavtaler.

MØTET I ISTANBUL

Nyeléni Europe and Central Asia (ECA) holdt sitt regionale møte i Istanbul fra 10. til 12. mai 2024. Representanter fra ulike land og organisasjoner innen matsuverenitetsbevegelsen deltok. Møtet over tre dager og inkluderte innledende diskusjoner om nettverkets rolle og betydningen av matsuverenitet, parallelle arbeidsgrupper, diskusjoner mellom delegater fra mindre regioner og strategiske planer for fremtidig samarbeid, både internt i ECA og med eksterne aktører som FAO (FNs organisasjon for mat og landbruk).

Første dag ble det vektlagt å bli kjent med nettverket og diskutere strukturen og fremtiden for Nyéléni ECA. Andre dag ble det gjennomført diskusjoner om utfordringer og muligheter i ulike regioner, mens siste dag var tema samarbeid med FAO og godkjenning av en felles erklæring.

HVA BLE BESTEMT?

Under møtet ble det bestemt flere viktige punkter for å styrke Nnettverket:

- **Forbedring av nettverksstrukturen**

Det ble enighet om behovet for å revidere og forbedre strukturen i Nyéléni ECA.

- **Felles handling og strategier**

Deltakerne utarbeidet konkrete forslag for felles handling på ulike områder som agroøkologi, bønders rettigheter, og matsuverenitet. Det ble lagt vekt på betydningen av samarbeid på tvers av regioner for å møte globale utfordringer.

- **Forberedelse til det globale Nyéléni-forumet**

Deltakerne diskuterte og planla veien videre mot det kommende globale Nyéléni-forumet, inkludert tidslinjer og prioriterte temaer.

- **Samarbeid med FAO**

Det ble lagt vekt på å styrke samarbeidet med FAO, spesielt innenfor temaer som bærekraftig jordbruk, innovasjon og digitalisering i landbruket, samt håndtering av globale matsikkerhetsutfordringer.

- **CSO-erklæringen**

Møtet godkjente en felles uttalelse fra CSO-er som skal presenteres på FAO REU Regional Conference, som understreker viktigheten av matsuverenitet og agroøkologi i møte med globale kriser.

RELEVANT FOR OSS?

Nyeléni ECA-nettverket er en del av en bredere global bevegelse for matsuverenitet. Bevegelsen jobber for å sikre at landbruket drives på en bærekraftig og rettferdig måte, med fokus på småskala bønder, lokal produksjon, og agroøkologi.

For norske bønder er dette relevant fordi det setter søkelys på utfordringer og løsninger som også er aktuelle i Norge, som bærekraftig landbruk, bønders rettigheter og behovet for å opprettholde lokal matproduksjon i møte med globalisering. Deltakelse i slike internasjonale nettverk kan gi oss en stemme i globale diskusjoner om matsikkerhet, samt tilgang til erfaringer og kunnskap fra andre regioner. Samarbeidet med organisasjoner som FAO kan også gi muligheter til å påvirke internasjonal politikk som har direkte innvirkning på norsk landbruk.

Kort oppsummert, engasjement i Nyéléni ECA og lignende bevegelser kan hjelpe norske bønder med å sikre en bærekraftig fremtid for sitt yrke, både nasjonalt og internasjonalt.

Jens Erik Furulund, medlem internasjonalt utvalg NBS og utsending til Istanbul-møtet

HVEM VAR NYÉLÉNI

Nyeléni kom fra Siracoro i Mali i Vest-Afrika. Som jente og enebarn ble hun hånet i miljøet. Hun bestemte seg for å beseire de som ikke aksepterte henne som jordbruker. Med hardt arbeid, kunnskapssøking og eksperimentering ble hun den fremste av bønder.

Mange menn ville gifte seg med henne, men til hver frier gjentok hun at ekteskap kunne vente, fordi hun først hadde en oppgave å utføre som en hyllest til sin familie og til alle kvinner. Hun deltok i jordbrukskonkurranser og beseiret alle. Menn utfordret henne gang på gang, men de tapte alle for den dyktige kvinnen.


Slik fikk Nyéléni respekt og ble en levende legende.

Fortellingen sier at hun domestiserte en ny rissort. Takket være Nyéléni har vi har en velsmakende sort hirse kalt samio, ”liten hirse”.

Historien forteller oss ikke om noen av hennes friere giftet seg med henne eller om hun fikk barn.

FAO-RAPPORT OM VERDAS MATSITUASJON

FIGURE 1 GLOBAL HUNGER ROSE SHARPLY FROM 2019 TO 2021 AND PERSISTED AT THE SAME LEVEL TO 2023



Den årlege FAO-rapporten *The State of Food Security and Nutrition in the World* (SOFI) vart lagd fram i månads-skiftet juli/august, med oppdaterte tal for matforsyning i ulike land og globalt. Rapporten kan lastast ned frå FAOs heimesider. Den inneheld omfattande og detaljert informasjon om matsituasjonen i enkeltlanda.

Då FN i 2015 vedtok berekraftmåla for tida fram til 2030, var det å utrydde svolten ei hovudsak. Seks år er att, og verda er uendeleg langt unna å nå måla. I koronaåra steig talet på kronisk underernærte, og frå 2022 til 2023 er nivået omtrent det same. Kvar ellefte av oss svelt, og kvar femte i Afrika. I tal gjeld det mellom 713 og 757 millionar menneske. Prognosane no tyder på at 582 millionar menneske vil bli kronisk underernærte når tiåret er omme.

Rapporten i år flytter perspektivet noko. Den legg stor vekt på tilgangen til sunt og stabilt kosthald. Tanken bak er at sunt og stabilt kosthald er det einaste varige vernet mot svolt i ei verd som uunngåeleg blir ramma av miljøkatastrofar og truleg av krigar. I 2022, som er det siste året med samanliknbare tal for ein del forhold, var nesten 3 milliardar av verdas innbyggjarar ute av stand til å skaffe seg helsesam og næringsrik mat i tilstrekkelege mengd-

er. Talet var omtrent det same som i 2019, men fordi folketalet har auka, har prosenten gått litt ned, frå 36,4 til 35,4.

Både talet på kronisk underernærte og talet på innbyggjarar utan stabil tilgang på sunn mat syner at fordelinga endrar seg noko, med veksande svolt i Afrika, stabilitet i Asia og framgang i Latin-Amerika og Karibia.

STØRRE SKILNADER

Både når det gjeld kronisk svolt og tilgang til helsesam mat har skilnadene mellom land auka. I låginntektsland har fleire vorte ramma. Særleg gjeld det Afrika, der prosenten utan tilgang til næringsrik mat no er 64,8. I Asia er prosenten 35,1 og stabil, i Latin-Amerika 27,7 og har gått ned. I Oseania er prosenten 20,1 og i Nord-Amerika og Europa 4,8.

Endringane syner at fattige land ikkje berre har mest svolt, det er også dei som er dårlegast rusta til å stå imot hendingar som korona-utbrotet og Ukraina-krigen med sviakt i mattilgangen. Dei kom sist i køen for vaksinar mot covid 19, og når helsevern, sanitærutstyr og medisinar manglar, ramar det også mattilgangen.

Det same skjer når prisane på mat stig. I 2020 steig matprisane med 6 prosent og i 2021 med 11 prosent i globalt

gjennomsnitt, men ofte meir i dei mest utsette landa. Familiar med robust økonomi er i stand til å takle dette, fattige land og innbyggjarar ikkje. Slik gjer den globale matkrisa at skilnadene mellom verdas land blir større og større.

FRÅ SEKTOR- TIL HEILSKAPSTENKING

Det at rapporten legg meir vekt på tilgang til sunn mat, har å gjere med ei erkjenning av at om matmangel skal



unngåast i framtida, trengst innbyggjarar med god helse. I dette ligg truleg at svolt-målet over tid må omformast frå null svolt og til null personar som ikkje har tilgang til nok og sunn mat.

Rapporten tek opp at informasjonen både frå land som er ramma av svolt og frå hjelpeland sprikjer mykje. Det gjeld til dømes omfanget av matstøtte. Pengestøtta kan omfatte hjelp til dei fattige, til eigen eksport av matoverskot og til jordoppkjøp og egne selskaps investeringar i andre land. Ofte er det vanskeleg å skilje.

Det trengst ei heilskapleg, global tenking om støttearbeid innretta spesielt på å sikre landa robust mattilgang, primært av eigen produksjon og alternativt utanfrå. Dette gjeld alle aktuelle finansskjelder, bidrag frå eigen stat, bidrag frå private i landet, bidrag frå andre statar og bidrag frå andre private, som hjelpeorganisasjonar og firma, og det trengst eit samarbeid mellom finansieringsskjeldene og analysar av kva for tiltak som gir varige resultat for folks mattryggleik.

Eigne matsystem inneber meir enn matproduksjon. Det inneber kunnskapar om behandling og konservering av mat og om næringsinnhald i maten. Det inneber utdanning, helsevern, vaksinar, vatn og sanitære forhold, for manglar på desse områda kan stå i vegen for tilstrekkeleg produksjon. Og det inneber å arbeide for å gjere landbrukssystema meir robuste mot alt som kan svekke folks mattilgang, som klimaendringar og krigar.

For meg synest det som FAO her har henta viktige impulsar frå FN-fråsegna om rettane til småbønder, som vart vedteken i 2018 og La Via Campesina har gått i spissen for.

Dei deler verdas land i fire grupper, låginntektsland, land under middelinn-

tekt, land over middelinntekt og høginntektsland. Tilgjengeleg datamateriale tyder på at låginntektsland ikkje har auka støtte til landbruket mellom 2010 og 2021. Berre i den tredje gruppa, land over middelinntekt, har støtta til landbruket auka vesentleg. I gruppa høginntektsland (som Norge) har ikkje overføringane auka.

Kritikken er hard mot at verda ikkje tek alvorvoret inn over seg. Lite tyder på at FN's berekraftmål om å utrydde

svolten innan 2030 blir nådd. Endringa av matsystema må skje i langt større tempo enn no om målet skal nåast. Det trengst hjelpetiltak og finansiering, men framleis er det ikkje noko klart bilete av korleis det skal skje. Trass vedtaka om berekraftmåla frå 2015 er verda ikkje i stand til å samle seg om det krafttaket som er nødvendig for å utrydde svolten.



LANGT UNNA DELMÅLA

Berekraftmål 2 frå FN er å utrydde svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk. Dette er konkretisert til ei rekke delmål om høgare fødselsvekt, normal kroppslengd for barn, mindre anemi med meir. Status er ifølgje rapporten:

Fødselsvekt
I 2012 hadde 15 % av dei nyfødde uakseptabelt låg kroppslengd, i 2020 14,7 %. Prognosar tyder på at prosenten i 2030 vil bli 14,2.

Brystmjølk
For barn under 6 månader har det vore ein auke frå 37,1 % i 2012 og til 48 % i 2022. Avstanden er like-

vel lang til målet om 70 % i 2030.

Kroppslengd

Inntil femårsalderen har barn med sunn næring om lang same kroppslengd same kvar i verda dei veks opp. Strutt-vekste barn er difor ein indikator på mattilgang. Prosenten stutt-vekste har felle frå 26,3 i 2012 til 22,3 i 2022, Prognosen tyder på 19,5 % i 2030.

Undervekt: Også her er det ein liten nedgang i prosent, frå 7,5 i 2012 til 6,8 i 2022, og ein prognose om 6,2 i 2030.

Overvekt: Overvekt for barn kjem oftast av usunn, ein-sidedig og feit kost. Omfanget har vore stabilt på 5,6 prosent dei siste åra. Målet i 2030 er 3 %, prognosen 5,7.

Anemi blant kvinner mellom 15 og 49 år: Omfanget har auka frå 28,5 % i 2012 til 29,9 i 2020. Målet for 2030 er 50 % reduksjon, prognosen peikar mot 32,3 %.

DYREFØR OG VETERINÆRUTSTYR TIL GAZA

Gaza har også vært et landbruksland, mest til forsyning av egen befolkning, men samtidig med eksport av blant annet jordbær, tomater, agurk, auberginer og krydder. Krigshandlingene har til nå tatt livet av 40 000 palestinere og skadet langt flere. Mennesketapet og stadige tvangsflyttinger har gjort at de aller fleste er rammet av akutt matusikkerhet og økende hungersnød. FN oppgir tallet til 2,15 millioner eller 96 prosent av innbyggerne

Det rammer landbruket. Tall fra FAO i februar viste følgende ødeleggelser av landbruk:

- 626 brønner av 2261,
- 307 uthus av 1043,
- 235 kyllingfarmer av 1117
- 203 sauegårder av 793,
- 119 kufjøs av 436 og
- 339 ha grønnsakland av 1277.

Det har fortsatt. Nylige vurderinger er at rundt 70 prosent av husdyrene i Gaza enten har dødd eller blitt skadet og avlivet derfor på grunn av krigshandlinger eller av mangel på dyrefor, eller de har blitt slaktet for å bli menneskeføde fordi mat i øyeblikket må prioriteres framfor langsiktig mattilgang, eller fordi dyreeierne er fratatt muligheter for omsorg og føring av dyra. Det må også nevnes at det trolig ligger mange dyretragedier bak tallene.

FAO og hjelpeland prøver å dempe skadene. I pressemelding 12.8 skriver FAO at de nylig har levert 2452 sett med veterinære hjelpemidler til husdyrholdere i Gaza. Veterinærutstyret er det første som kommer til Gaza etter at krigen begynte. Det omfatter vitamintilskudd, desinfeksjonsmidler, saltsteiner, sårpray og vaksiner. FAO

har tidligere fått adgang til å føre inn 500 tonn med dyrefor. All vareimport til Gaza må godkjennes av Israel.

Belgia, Italia og Norge har støttet leveringen av veterinærutstyr økonomisk. FAOs assisterende generaldirektør Abdulhakim Elwaer legger vekt på at hjelpearbeidet ikke bare handler om husdyrhelse og innbyggernes behov for landbruksmat. Når mulighetene for god hygiene mangler, er risikoen stor for at sykdommer blir overført fra dyr til mennesker.

FAO arbeider videre for å sende dyrefor og mer veterinærutstyr til Gaza. Håpet er at mulighetene blir gjenopptatt for at lokale husdyr og bønder kan produsere næringsrik og kortreist mat som melk, egg, rødt kjøtt og grønnsaker. Aller mest for barns helse er disse matvarene avgjørende.

SMÅFEDRIFT NÆR HIMMELEN

Eg som redigerer dette månadsbrevet, var saman med yrkeskollega Helge Christie i Nord-Østerdalen på 13 dagars tur til landbruks- og fjellområde i Nord-India i juni 2024. Det vil kome meir stoff derifrå, men i denne omgang berre om beiting med småfe i høgfjell 4500 moh.



Ein mann ropte kvast til oss på språk berre den eine forstod. — Forsiktig, farlege hundar, omsette indiske Harish til engelsk. Me var tre, tolk og turleiar Harish, sjølv frå Himachal Pradesh, franske Sue og eg. Me hadde køyrt bil til Chanshalpasset 4520 moh i indisk Himalaya. Eit par kilometer unna beitte ein stor saue- og geiteflokk, og me gjekk for å ta flokken nærare i augnesyn og helst få meir kunnskapar om driftsmåten. Me gjekk sakte fordi lufta var tynn.

To store hundar kom springande rett

mot oss. For dei var ikkje tynn luft noko hinder. Me tre visste heldigvis alle litt om korleis ein bør oppføre seg i slike hove. Me vart ståande, prøvde å snakke roleg og unngjekk å sjå hundane i auga. Etter fleire rundar rundt oss i stor fart med gøyning og glefsing og stadig nærare kom hundane til at me ikkje utgjorde noko trugsmål mot flokken dei hadde ansvaret for. Eller dei fekk eit signal som me ikkje høyrde. Dei rusla litt unna og la seg, men framleis med vake blikk på oss. Det tok tid før me våga oss inntil småfeflokken.

Ein av gjetarane kom. På hindi og omsett av Harish forklara han og svara på spørsmål. Flokken var på rundt 800 dyr, mest sauer, men også ein del geiter. Dei budde fast i låglandet, men heldt dyra på beite i høgfjellet vel halve året. Drifta frå lågland til høgfjell tok bortimot ein måned kvar veg. Dei dreiv dyra på faste stigar gjennom skogane. Skogane i India høyrer staten til, og ordninga gjennom hundreår har vore at dyr kan vandre og beite langs stigane.

Dyra lever av fjellgraset. Beitinga med klauvdyr harvar opp jorda lite grann, spreier frø, gjødselar og stimulerer planteveksten. Dyreflokken bidreg såleis langt meir til binding av karbon i jorda enn til utslepp av klimagassar. Drifta kjøler ned kloden.

No var dei fire gjetarar. Dei overnatta i telt. Det var hardt arbeid og stadig vanskelegare å få tak i kompetente folk. Dyra måtte vaktast døgnet gjennom, så gjetarane sov på skift. Hundane var særleg nyttige om natta. Då krinsa dei rundt dyreflokken gong på gong. Farar var rovdyr, som bjørn og ulv, og at dyr kunne gå seg fast og bli skadde.

Tapsprosenten i løpet av ein sesong på 8 månader inkludert reisa til vinterbeiting i låglandet låg på bortimot ti. Rundt halvdelen av tapa fann stad på grunn av sjukdommar, den andre halvdelen på grunn av rovdyr og terrengskadar.

Om lesaren synest dette er ein høg tapsprosent, kan det nemnast at årleg tapsprosent i norske fjøs til dømes for kylling og gris vanlegvis er over 15 og i fiskeoppdrett mellom 25 og 30.

For meg nordmann busett i ei fjellbygd gjekk tankane attende til driftinga slik ho gjekk føre seg i vårt land hundre eller to hundre år sidan. Små- og storfe vart avla opp i snofattige kystbygder på Vestlandet vinteren gjennom. I vårløysinga vart dei drivne opp i høgfjellet over stølsbeltet, der dei vart gjetta i nokre sommarmånader og fekk i seg næringsrikt fjellgras. Om hausten vart dei drivne vidare til flatbygdene austanfjells og Kristiania eller Branes (Drammen), selde som livdyr eller slakta og selde som kjøt.



INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Leiar Margit Fausko,
e-post margit@fausko.no
Jens Erik Furulund,
e-post jens.erik.furulund@gmail.com
René Cortis,
e-post rene.cortis@gmail.com,
Audun Emil Tvedten,
e-post audun.e.tvedten@gmail.com
Olav Randen,
e-post boksmia@online.no